



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtedato: 11.07.2014
Møtetid: 08:00 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
043/14	14/532	Faste saker	
044/14	09/635	Utbygging ved Samnangerheimen - godkjenning av tilbud og tilleggsfinansiering	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 14/532	Løpenr: 14/4157
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.07.2014	043/14	TR

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-614
Arkivsaksnr: 09/635	Løpenr: 14/4132
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.07.2014	044/14	TR

UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN - GODKJENNING AV TILBOD OG TILLEGGSFINANSIERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune inngår kontrakt med HELST for bygging av ny sjukeheim. Oppstart av arbeidet vert sett til 1.11.2014. Før oppstart av arbeid vert det føreteke ein del mindre korrigeringar i prosjektet for å redusera kostnaden.

Fylgjande finansieringsplan vert gjeldande:

Total kostnad	120.000.000
Reduksjon i prosjektet	5.505.000
Reserve konsulent	505.000
Tilskot	25.600.000
Refusjon mva	24.000.000
Lån	63.000.000
Omgjering bruk av Sima – Samnanger midlar	2.400.000
Sum	120.000.000

Dokument som er vedlagt:

vedlegg nr 1 notat om økonomi Samnangerheimen.pdf
Rapport Anbudsvurdering.pdf

Dokument som ikkje er vedlagt:

Tidlegare handsamingar.

Innkomne tilbod

Vurdering frå konsulent om uteomhusanlegg

Kva saka gjeld:

Det har vore henta inn prisar på bygging av sjukeheimen. Konsulentfirmaet Norconsult har gjennomgått tilboda, og dei har som vist i vedlegg vurdert dei ut frå dei kriteria som var sett i utlysinga. Basert på desse har dei tilrådd at det vert inngått kontrakt med firmaet HELST som er eit firma frå Trondheim.

Prisen som er oppgitt i tilbodet er på 92 million kroner inkl. mva. og inkl. ein del opsjonar. Dette er ca 20 mill. kroner meir enn det som er finansiert.

Varaordførar/leiar av prosjektgruppa og rådmann var i møte med Norconsult 4.7.2014 med sikte på å få redusert kostnaden med prosjektet. Det kan t.d. skje gjennom å endra på kvalitet og løysingar noko som er mogleg å gjera sjølv om det er henta inn pris på den måten det her er gjort.

Pga av ferieavvikling har det ikkje vore mogleg å få eksakt oversikt over forventa totalkostnad for bygging av sjukeheimen. Uvissa no er knytt til utgiftene til konsulent og uføresett. I oppsettet vidare legg me til grunn at kostnaden på desse postane vert som vist i vedlegg nr. 1 dagsett 23.06.14 JIS.

Dette inneber at innan ramma på 100 mill. kroner er det til disposisjon for kontrakt med entreprenør 72,8 mill. kroner inkl. mva. Tilsvarande sum i kontrakten er 92 mill. kroner. Av dette utgjør mva ca 4 mill. kroner. Dvs. at det er eit avvik på vel 16 mill. kroner.

I økonomiplan/budsjett har me fylgjande finansieringsplan

Finansieringskjelde	Sum
Tilskot	17.700.000
Refusjon mva	19.300.000
Lån	63.000.000
Sum	100.000.000

	Mogleg innsparing	Merknad
Oppvarming m.m. ved luft til vatn og ikkje sjøvatn til vatn	1.800.000	Også innsparingar i drift. Sjå merknad under
Opsjonar i vedlegg vert ikkje nytta	1.155.000	Dei opplista opsjonane er ikkje naudsynte for prosjektet.
Feil i summeringar av tilbodet	750.000	Summert både timepris og fastpris på ein del postar
Innsparingar på utstyr, rimelegare alternativ	100.000	Sjå merknad under
Ikkje overbygg/baldakin ved dagsenter	600.000	Dette tiltaket har ikkje prosjektgruppa bedt om
Mindre tilrettelagd uteareal	1.100.000	Det utlyste prosjektet er ikkje i tråd med prosjektgruppa si bestilling
Samla innsparing	4.505.000	

Kommentarar til tabellen

Samnanger kommune ynskjer å vera føregangskommune på **energibruk**. Sidan bygget er plassert på ei tomt mot sjøen, har det vore naturleg å leggja til grunn at sjøvatnet skulle nyttast i oppvarminga. I drøftingane vart det frå konsulent v. Norconsult lagt fram eit alternativ med luft til vatn som for vestlandsklimaet er tilnærma like energivenleg som vatn til vatn. Det er vesentleg rimelegare m.a. fordi sjøalternativet inneber store kostnader til dykkartenester. Vidare vil inspeksjon av eit sjøanlegg føra til vesentlege vedlikehaldskostnader. Det vil vera noko meir støy frå luftanlegget, men konsulenten ser for seg at det kan handterast ved at lyden vert ført ut over sjøen. Enova stadfester på førespurnad at luft til vatn er ei tilnærma like god løysing på Vestlandet. Når det gjeld tilskot, opplyser Enova dette kan ikkje påreknast for nybygg når det gjeld luft til vatn, og at det berre vert gitt små tilskot for eit anlegg sjø til vatn. I så fall er det her snakk om eit svært lite tilskot. Det skal elles nemnast at Enova har innvilga oss tilskot til 1995-bygget..

Det er 25 **bad**/toalett i prosjektet. Både med omsyn til å gjera bebuarane mest mogleg sjølvhjulpne, men også for å vera arealeffektiv har ein vald å bruka badeinnreiinga ”Bano-bad”. Dette er relativt sett dyre løysingar, men bada vert svært funksjonelle. Det er imidlertid ein del utstyr som ikkje har noko funksjon i høve til funksjonalitet som kan erstattast med andre og rimelegare typar – skap, lys. I tillegg er det og lysarmatur andre stader som kan erstattast med rimelegare løysingar.

I prosjektet er det lagt inn ein **overbygd uteplass** framføre dagsenteret i flukt med rampen inn til hovudinngangen. Me ser at ein uteplass her kan gje ekstra kvalitet både for dagsenteret ved at dei får ei ”utestove” og elles for sjukeheimsbebuarane, men overbygget til kr 600.000 kan gå ut. Om det viser seg nødvendig med solavskjerming evt. ”tak”, kan det løysast på annan måte, t.d. med markise. Overbygget vil også gje mindre lys inn på dagsenteret.

Prosjektgruppa har frå det var snakk om å kutta i prosjektet sagt frå til konsulenten om at **uteområdet** berre skulle opparbeidast med vegar og støttemurar. ”Møblering” med m.a. etablering av sansehage, benker, fontene, beplanting skulle venta og evt. gjerast av eigne folk eller på dugnad. Det har vore ein stadig tilbakevendande diskusjon med konsulenten som har hatt vanskar med å akseptera det. Det viser seg også at anbodsmateriellet inneheld ein del arbeid på uteområdet som ikkje er i tråd med føringa frå prosjektgruppa. Samla er det her ei innsparing på kr 1.100.000.

I tillegg til desse tiltaka har me og vurdert fylgjande:

Fjerning av overbygg parkeringsplassar – mogleg innsparing kr 390.000. Utfordringa her er vinterstid når dei tilsette skal ta bilane i bruk. Dette har vore drøfta i planlegginga, og det er kome klare tilbakemeldingar frå tilsette og leiinga om at det vil gå meir tid med om det ikkje er overbygde parkeringsplassar for ”kommunebilane” pga. snø og is som må fjernast. Delar av dette problemet vil kunne løysast ved at der vert montert motorvarmarar i bilane.

Utsett innreiing av kjøkken. Dette inneber at det ikkje vert produksjonskjøkken ved sjukeheimen samstundes som bygget vert teke i bruk. Lokala vert førebudd for å verta kjøkken seinare. Dvs. at matserveringa vert etter kok/kjøl-prinsippet. Innsparing på byggeriet vert rundt 850.000 kroner. I tillegg ligg det innsparingar i drifta sidan dette er ei rimelegare ordning for kommunen. Innsparinga i drifta er ikkje kostnadsrekna, men den vil vera ei årleg innsparing som kan finansiera delar av kapitalutgiftene.

I løpet av 2014 er **tilskotssatsane** for sjukeheimar auka vesentleg. Delar av meirkostnaden kan derfor finansierast med auka tilskot. Satsane for tilskot er kr 1.298.000 for nybygg. Det er nemnd at det kan verta ytt mindre tilskot til ombygging/ikkje etablering av nye sjukeheims plassar, men konsulent i Husbanken har gitt tilbakemelding om at det kan reknast med full sats. Vidare er det og reglar for tilskot til dagsenter.

Det gis også 55 prosent utmåling av tilskudd der det etableres egne lokaler for dagaktivitetstilbud.

Dagaktivitetstilbudet gjelder ulike grupper hjemmeboende som har behov for et slikt tilbud. Det er ikke knyttet krav til heldøgntjenester i disse tilfellene.

Veiledende størrelse på lokaler til dagaktivitetstilbud er 10 kvm pr. bruker.

Dagsenteret er netto på 220m², noko som gir eit brutto areal på rundt 330 m². Kvardratmeterpris ligg på vel 38.500 kroner inkl. mva. Det er i skrivande stund usikkert om Husbanken har grenser for kva pris dei aksepterer (med eller utan mva.), men dersom me legg til grunn at grunnlaget er eks. mva, vil me få eit tilskot på 5,6 mill. kroner. Det er vidare mogleg at det vert gitt tilskot til anna areal som har ei viss tilknytning til dagsenteraktivitet. Dette vil gjelda rom til foterapeut og frisør og evt. også kjøkken. Her er det meir usikkert om me får akseptert det som grunnlag for tilskot. I oppsettet under er det rekna med tilskot til dagsenteret på 5.6 mill. kroner.

Av kompensasjonsmidlane frå anlegget **Sima-Samnanger** står det att 3.2 mill. kroner. I forslag til finansiering av sjukeheimen vert det brukt 2.4 mill. Det må avklarast korleis ein ynskjer at dei resterande midlane (800.000 kroner) skal brukast til – øyremerkjast eller settast av til disposisjonsfond evt. anna fond.

Finansieringskjelde	Gjeldande finansiering	Ny finansiering
Total kostnad	100.000.000	120.000.000
Reduksjon i prosjektet		5.505.000
Auka utgifter konsulent		505.000
Tilskot	17.700.000	25.600.000
Refusjon mva	19.300.000	24.000.000
Lån	63.000.000	63.000.000
Omgjering Sima - Samnanger		2.400.000
Sum	100.000.000	120.000.000

Vurderingar og konsekvensar:

Det er som nemnd over fleire usikre moment. Men basert på den informasjonen me har i dag vil sjukeheimen med den foreslåtte finansieringsplanen kunne realiserast utan å belasta drifta vår meir enn det som er lagt inn i økonomiplan.

Det har heile tida vore eit ønskje om å ha eige kjøkkendrift. Den ernæringsmessige kvaliteten på maten basert på kok-kjøl-prinsippet er god. Arealet avsett til kjøkken er relativt stort, og det ville ha vore ein større innsparing dersom dette lokale ikkje vart bygd. Innsparinga på å ikkje ferdigstillast det er imidlertid relativt liten – kr 850.000 -. 550.000 kroner er inventar og utstyr, resterande sum er reduksjon i ventileringsanlegg/aggregat og overflatehandsaming. Det som gjer at det bør vurderast å la kjøkkenet venta er at det er mogleg å spara på stillingar og dermed også på dei faste driftsutgiftene. Storleiken her er ikkje rekna på enda.

Det er relativt sett foreslått stort kutt i uteomhusanlegga. Då prosjektgruppa fekk ansvaret for å få prosjektet til på ei ramme på 100 mill kroner var det ei klar oppfatning av at uteomhusareala måtte nedprioriterast. Konsulenten har til tross for dette m.a. lagt inn møblering, beplanting m.m.. Eit godt uteomhusanlegg/parkanlegg ville ha vore eit godt bidrag til å laga ein flott og triveleg sjukeheim. Slik økonomien i prosjektet er må dette vike. Det er vidare usikkert kva me kan få til ved hjelp av friviljuge, men dette er likevel ting som kan gjerast over tid.

Rådmannen vil tilrå at arbeidet med å byggja sjukeheimen vert starta opp. Det einaste alternativet til dette prosjektet er å byggja ein komplett ny sjukeheim ein annan stad. Det vil utsetja prosjektet i minst to år m.a. fordi det ikkje er regulert areal til slikt føremål. Det erog viktig å understreka at det

Side 8 av 22

då vil vera snakk om å byggja 31 plassar og ikkje 16 som me no gjer. I tillegg kjem dei andre funksjonane som ligg i prosjektet. Rådmannen stør seg på tilrådinga frå konsulenten i høve til at firmaet HELST får oppdraget.

Oppstart har vore varsla til byrjinga av oktober. Av praktiske grunnar ber me om at den vert sett til 1.11.2014.



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 14/532	Løpenr: 14/4157
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.07.2014	043/14	TR

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> • Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	Arkivkode: FE-614
Arkivsaksnr: 09/635	Løpenr: 14/4132
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	11.07.2014	044/14	TR

UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN - GODKJENNING AV TILBOD OG TILLEGGSFINANSIERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune inngår kontrakt med HELST for bygging av ny sjukeheim. Oppstart av arbeidet vert sett til 1.11.2014. Før oppstart av arbeid vert det føreteke ein del mindre korrigeringar i prosjektet for å redusera kostnaden.

Fylgjande finansieringsplan vert gjeldande:

Total kostnad	120.000.000
Reduksjon i prosjektet	5.505.000
Reserve konsulent	505.000
Tilskot	25.600.000
Refusjon mva	24.000.000
Lån	63.000.000
Omgjering bruk av Sima – Samnanger midlar	2.400.000
Sum	120.000.000

Dokument som er vedlagt:

vedlegg nr 1 notat om økonomi Samnangerheimen.pdf
Rapport Anbudsvurdering.pdf

Dokument som ikkje er vedlagt:

Tidlegare handsamingar.

Innkomne tilbod

Vurdering frå konsulent om uteomhusanlegg

Kva saka gjeld:

Det har vore henta inn prisar på bygging av sjukeheimen. Konsulentfirmaet Norconsult har gjennomgått tilboda, og dei har som vist i vedlegg vurdert dei ut frå dei kriteria som var sett i utlysinga. Basert på desse har dei tilrådd at det vert inngått kontrakt med firmaet HELST som er eit firma frå Trondheim.

Prisen som er oppgitt i tilbodet er på 92 million kroner inkl. mva. og inkl. ein del opsjonar. Dette er ca 20 mill. kroner meir enn det som er finansiert.

Varaordførar/leiar av prosjektgruppa og rådmann var i møte med Norconsult 4.7.2014 med sikte på å få redusert kostnaden med prosjektet. Det kan t.d. skje gjennom å endra på kvalitet og løysingar noko som er mogleg å gjera sjølv om det er henta inn pris på den måten det her er gjort.

Pga av ferieavvikling har det ikkje vore mogleg å få eksakt oversikt over forventa totalkostnad for bygging av sjukeheimen. Uvissa no er knytt til utgiftene til konsulent og uføresett. I oppsettet vidare legg me til grunn at kostnaden på desse postane vert som vist i vedlegg nr. 1 dagsett 23.06.14 JIS.

Dette inneber at innan ramma på 100 mill. kroner er det til disposisjon for kontrakt med entreprenør 72,8 mill. kroner inkl. mva. Tilsvarande sum i kontrakten er 92 mill. kroner. Av dette utgjør mva ca 4 mill. kroner. Dvs. at det er eit avvik på vel 16 mill. kroner.

I økonomiplan/budsjett har me fylgjande finaniseringsplan

Finansieringskjelde	Sum
Tilskot	17.700.000
Refusjon mva	19.300.000
Lån	63.000.000
Sum	100.000.000

	Mogleg innsparing	Merknad
Oppvarming m.m. ved luft til vatn og ikkje sjøvatn til vatn	1.800.000	Også innsparingar i drift. Sjå merknad under
Opsjonar i vedlegg vert ikkje nytta	1.155.000	Dei opplista opsjonane er ikkje naudsynte for prosjektet.
Feil i summeringar av tilbodet	750.000	Summert både timepris og fastpris på ein del postar
Innsparingar på utstyr, rimelegare alternativ	100.000	Sjå merknad under
Ikkje overbygg/baldakin ved dagsenter	600.000	Dette tiltaket har ikkje prosjektgruppa bedt om
Mindre tilrettelagd uteareal	1.100.000	Det utlyste prosjektet er ikkje i tråd med prosjektgruppa si bestilling
Samla innsparing	4.505.000	

Kommentarar til tabellen

Samnanger kommune ynskjer å vera føregangskommune på **energibruk**. Sidan bygget er plassert på ei tomt mot sjøen, har det vore naturleg å leggja til grunn at sjøvatnet skulle nyttast i oppvarminga. I drøftingane vart det frå konsulent v. Norconsult lagt fram eit alternativ med luft til vatn som for vestlandsklimaet er tilnærma like energivenleg som vatn til vatn. Det er vesentleg rimelegare m.a. fordi sjøalternativet inneber store kostnader til dykkartenester. Vidare vil inspeksjon av eit sjøanlegg føra til vesentlege vedlikehaldskostnader. Det vil vera noko meir støy frå luftanlegget, men konsulenten ser for seg at det kan handterast ved at lyden vert ført ut over sjøen. Enova stadfester på førespurnad at luft til vatn er ei tilnærma like god løysing på Vestlandet. Når det gjeld tilskot, opplyser Enova dette kan ikkje påreknast for nybygg når det gjeld luft til vatn, og at det berre vert gitt små tilskot for eit anlegg sjø til vatn. I så fall er det her snakk om eit svært lite tilskot. Det skal elles nemnast at Enova har innvilga oss tilskot til 1995-bygget..

Det er 25 **bad**/toalett i prosjektet. Både med omsyn til å gjera bebuarane mest mogleg sjølvhjulpne, men også for å vera arealeffektiv har ein vald å bruka badeinnreiinga ”Bano-bad”. Dette er relativt sett dyre løysingar, men bada vert svært funksjonelle. Det er imidlertid ein del utstyr som ikkje har noko funksjon i høve til funksjonalitet som kan erstattast med andre og rimelegare typar – skap, lys. I tillegg er det og lysarmatur andre stader som kan erstattast med rimelegare løysingar.

I prosjektet er det lagt inn ein **overbygd uteplass** framføre dagsenteret i flukt med rampen inn til hovudinngangen. Me ser at ein uteplass her kan gje ekstra kvalitet både for dagsenteret ved at dei får ei ”utestove” og elles for sjukeheimsbebuarane, men overbygget til kr 600.000 kan gå ut. Om det viser seg nødvendig med solavskjerming evt. ”tak”, kan det løysast på annan måte, t.d. med markise. Overbygget vil også gje mindre lys inn på dagsenteret.

Prosjektgruppa har frå det var snakk om å kutta i prosjektet sagt frå til konsulenten om at **uteområdet** berre skulle opparbeidast med vegar og støttemurar. ”Møblering” med m.a. etablering av sansehage, benker, fontene, beplanting skulle venta og evt. gjerast av eigne folk eller på dugnad. Det har vore ein stadig tilbakevendande diskusjon med konsulenten som har hatt vanskar med å akseptera det. Det viser seg også at anbodsmateriellet inneheld ein del arbeid på uteområdet som ikkje er i tråd med føringa frå prosjektgruppa. Samla er det her ei innsparing på kr 1.100.000.

I tillegg til desse tiltaka har me og vurdert fylgjande:

Fjerning av overbygg parkeringsplassar – mogleg innsparing kr 390.000. Utfordringa her er vinterstid når dei tilsette skal ta bilane i bruk. Dette har vore drøfta i planlegginga, og det er kome klare tilbakemeldingar frå tilsette og leinga om at det vil gå meir tid med om det ikkje er overbygde parkeringsplassar for ”kommunebilane” pga. snø og is som må fjernast. Delar av dette problemet vil kunne løysast ved at der vert montert motorvarmarar i bilane.

Utsett innreiing av kjøkken. Dette inneber at det ikkje vert produksjonskjøkken ved sjukeheimen samstundes som bygget vert teke i bruk. Lokala vert førebudd for å verta kjøkken seinare. Dvs. at matserveringa vert etter kok/kjøl-prinsippet. Innsparing på byggeriet vert rundt 850.000 kroner. I tillegg ligg det innsparingar i drifta sidan dette er ei rimelegare ordning for kommunen. Innsparinga i drifta er ikkje kostnadsrekna, men den vil vera ei årleg innsparing som kan finansiera delar av kapitalutgiftene.

I løpet av 2014 er **tilskotssatsane** for sjukeheimar auka vesentleg. Delar av meirkostnaden kan derfor finansierast med auka tilskot. Satsane for tilskot er kr 1.298.000 for nybygg. Det er nemnd at det kan verta ytt mindre tilskot til ombygging/ikkje etablering av nye sjukeheims plassar, men konsulent i Husbanken har gitt tilbakemelding om at det kan reknast med full sats. Vidare er det og reglar for tilskot til dagsenter.

Det gis også 55 prosent utmåling av tilskudd der det etableres egne lokaler for dagaktivitetstilbud.

Dagaktivitetstilbudet gjelder ulike grupper hjemmeboende som har behov for et slikt tilbud. Det er ikke knyttet krav til heldøgntjenester i disse tilfellene.

Veiledende størrelse på lokaler til dagaktivitetstilbud er 10 kvm pr. bruker.

Dagsenteret er netto på 220m², noko som gir eit brutto areal på rundt 330 m². Kvardratmeterpris ligg på vel 38.500 kroner inkl. mva. Det er i skrivande stund usikkert om Husbanken har grenser for kva pris dei aksepterer (med eller utan mva.), men dersom me legg til grunn at grunnlaget er eks. mva, vil me få eit tilskot på 5,6 mill. kroner. Det er vidare mogleg at det vert gitt tilskot til anna areal som har ei viss tilknytning til dagsenteraktivitet. Dette vil gjelda rom til foterapeut og frisør og evt. også kjøkken. Her er det meir usikkert om me får akseptert det som grunnlag for tilskot. I oppsettet under er det rekna med tilskot til dagsenteret på 5.6 mill. kroner.

Av kompensasjonsmidlane frå anlegget **Sima-Samnanger** står det att 3.2 mill. kroner. I forslag til finansiering av sjukeheimen vert det brukt 2.4 mill. Det må avklarast korleis ein ynskjer at dei resterande midlane (800.000 kroner) skal brukast til – øyremerkjast eller settast av til disposisjonsfond evt. anna fond.

Finansieringskjelde	Gjeldande finansiering	Ny finansiering
Total kostnad	100.000.000	120.000.000
Reduksjon i prosjektet		5.505.000
Auka utgifter konsulent		505.000
Tilskot	17.700.000	25.600.000
Refusjon mva	19.300.000	24.000.000
Lån	63.000.000	63.000.000
Omgjering Sima - Samnanger		2.400.000
Sum	100.000.000	120.000.000

Vurderingar og konsekvensar:

Det er som nemnd over fleire usikre moment. Men basert på den informasjonen me har i dag vil sjukeheimen med den foreslåtte finansieringsplanen kunne realiserast utan å belasta drifta vår meir enn det som er lagt inn i økonomiplan.

Det har heile tida vore eit ønskje om å ha eige kjøkkendrift. Den ernæringsmessige kvaliteten på maten basert på kok-kjøl-prinsippet er god. Arealet avsett til kjøkken er relativt stort, og det ville ha vore ein større innsparing dersom dette lokale ikkje vart bygd. Innsparinga på å ikkje ferdigstillast det er imidlertid relativt liten – kr 850.000 -. 550.000 kroner er inventar og utstyr, resterande sum er reduksjon i ventileringsanlegg/aggregat og overflatehandsaming. Det som gjer at det bør vurderast å la kjøkkenet venta er at det er mogleg å spara på stillingar og dermed også på dei faste driftsutgiftene. Storleiken her er ikkje rekna på enda.

Det er relativt sett foreslått stort kutt i uteomhusanlegga. Då prosjektgruppa fekk ansvaret for å få prosjektet til på ei ramme på 100 mill kroner var det ei klar oppfatning av at uteomhusareala måtte nedprioriterast. Konsulenten har til tross for dette m.a. lagt inn møblering, beplanting m.m.. Eit godt uteomhusanlegg/parkanlegg ville ha vore eit godt bidrag til å laga ein flott og triveleg sjukeheim. Slik økonomien i prosjektet er må dette vike. Det er vidare usikkert kva me kan få til ved hjelp av frivilljuge, men dette er likevel ting som kan gjerast over tid.

Rådmannen vil tilrå at arbeidet med å byggja sjukeheimen vert starta opp. Det einaste alternativet til dette prosjektet er å byggja ein komplett ny sjukeheim ein annan stad. Det vil utsetja prosjektet i

Side 14 av 22

minst to år m.a. fordi det ikkje er regulert areal til slikt føremål. Det erog viktig å understreka at det då vil vera snakk om å byggja 31 plassar og ikkje 16 som me no gjer. I tillegg kjem dei andre funksjonane som ligg i prosjektet. Rådmannen stør seg på tilrådinga frå konsulenten i høve til at firmaet HELST får oppdraget.

Oppstart har vore varsla til byrjinga av oktober. Av praktiske grunnar ber me om at den vert sett til 1.11.2014.

Oversikt økonomi Samnangerheimen

Det er gjort vedtak på finansiering med kr.93.000.000,- (inkl. kjøp av eiendom på Haga). I ettertid er det sett ei ramme på kr. 100.000.000,- pluss kjøp av tomt, totalt kr. 101.000.000,-.

	Kr. inkl mva.	Sum inkl.mva.
Medgått hittil/Faktura +interne kostnader:		
2011 inkl.kjøp av tomt (finansiert kr.1000000)	1513476	
2012	1105025	
2013	3922633	
2014	6037429	
Sum		12578563
Gjennstående:		
Kontrahering, Norconsult	400000	
Byggeperiode, Norconsult	1440000	
Prosjektleiing, Asplan	1407528	
Evt. byggeleiing	600000	
Uavhengig kontroll	242813	
Prosjektleiing, internt 2014	311770	
Prosjektleiing, internt 2015	300000	
Sum		4702111
Sum		17280674
Restmargin v/budsjett kr.101.000.000,-		83719326
Margin 15%		10919900
Sum		83719326
Totalt inkl mva		101000000
23.06.14 JIS		

Samnangerkommunen

Anbudsvurdering

Samnangerheimen

2014-07-01 Oppdragsnr.: 5124875



01	2014.7.1		JERSO	AJBER	JERSO
Rev.	Dato:	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Innhold

1	Anbudsåpning - protokoll	4
2	Anbudsvurdering	6
3	Anbudsinstilling	7

1 Anbudsåpning - protokoll

Anbudsåpning ble foretatt på Norconsult sitt kontor i Valkendorfs gt. 6, 6. etasje den. 25.6.2014 kl. 12:30. Følgende personer var tilstede:


Erik Soelseth (PGL)

John Inge Sandvik (Samnanger kommune adm.)

Brigt Olav Gåsdal (Samnanger kommune)

Endre Kulleseid ((Samnanger kommune)

Det var kommet inn 5 anbud ved fristens utløp. Den informasjon som ble vurdert på selve anbudsåpningen er oppført i vedlagt matrise.

					
Anbudsprotokoll		Samnangerheimen		25.6.2014 kl 12:30	
Tilbyder	1	2	3	4	5
Lever	24.6 kl 15:45	25.6 kl.09:30	25.6 kl 10:00	25.6: kl.11:25	25.6 kl11:30
Anbudssum inkl mva	92 007 803	95 520 429	103 715 893	106 054 029	105 315 240
A - Tilbudsbrev					
Tilbudsbrev	x	x	x	x	x
B- Tilbudsskjema / Beskrivelse					
Tilbudsskjema / Beskrivelse	x	x	x	x	x
1 sett tilbuds tegninger	x	Nei	x	x	x
Priest beskrivelse	x	x	x	x	x
Bok 0	x	x	x	x	x
C- Organisering					
Foretaksregister nr.	x	x	x	x	x
Adresser	x	x	x	x	x
Tilbudt personer	x	x	x	x	x
Timesatser for tilleggsarbeider	x	x	x	x	x
CV for nøkkelpersoner	x	x	x	x	x
HMS	x	x	x		
E- SHA egenerklæring					
SHA egenerklæring	x	x	x	x	x
F- MVA og skatteattester					
MVA attest	x	x	x	x	x
Skatteattest	x	x	x	x	x
Tilbudsfrist					
Overhold Ja / Nei	JA	JA	JA	JA	JA

2 Anbudsvurdering

Alle kriterier ved anbudet er blitt evaluert.

Vedlagt er resultatet i vedlagt tabell.

Evaluering av tilbud	Benyttet vektning	HENT	Åsane Byggmester foretning	Nævdal yrkesbygg	Strand	Vestafjell
Pris anbud	70 %	92 007 803,00	95 520 429,00	103 715 893,00	106 054 028,75	105 315 240,38
Anbudssum korrigeret		92 007 803,00	95 520 429,00	103 715 893,00	106 054 028,75	105 315 240,38
Pris poeng		10	9,62	8,73	8,47	8,55
Vektet poeng pris		7	6,73	6,11	5,93	5,99
Dager		300	350	379	350	345
Fremdriftsplan, poeng	10 %	10	8,33	7,37	8,33	8,50
Poeng vektet fremdrift		1	0,83	0,74	0,83	0,85
Kompetanse, poeng	10 %	9,8	8,50	7,10	10,00	9,80
Vektet poeng		0,98	0,85	0,71	1	0,98
Vurdering av oppgaveforståelse, poeng	10 %	5,5	7,30	1,50	0,70	0,75
Vektet poeng		0,55	0,73	0,15	0,07	0,075
Sum	100 %	9,53	9,15	7,71	7,83	7,89

3

Anbudsinntilling

Vi vil med dette anbefale Samnanger kommune å inngå kontrakt med HENT for å bygge Samnangerheimen.